

HELSE VEST IKT AS

ÅRSREKNESKAP 2006



Helse Vest IKT AS leverer produkt og tenester innanfor drift, produksjon og brukarstøtte. Vi står for leveranse og installasjon av brukarutstyr, systemforvaltning og systemintegrasjon. Vi hjelper òg til ved innføring og driv opplæring, utfasing og endring av system. I tillegg kjem rådgiving og prosjektleiing.

HELSE VEST IKT AS

Jonas Lies vei 65
5021 BERGEN

Org.nr: 987 601 787

Telefon: 55 97 65 00

Telefaks: 55 97 65 50

E-post: postmottak@helse-vest-ikt.no

Nøkkeltal:

- Felles regional IKT-eining for Helse Vest RHF
- Etablert 01.11.2004
- Aksjeselskap som er 100 % eigd av Helse Vest RHF
- Lokalisert i Førde, Bergen, Voss, Odda, Stord, Haugesund og Stavanger
- Leverer IKT-tenester til 25000 brukarar og 14000 PC-ar på 200 lokasjonar



Innhold

Visjon og Forretningsidé	2
Styringsbodskap og mål	3
Organisasjonskart	4
Årsberetning	5
Resultatrekneskap 2006	8
Balanserekneskap 2006	9
Kontantstrømoppstilling 2006	11
Notar	12



Visjon og forretningsidé

Visjon

Helse Vest IKT AS har følgjande visjon:

Helse Vest IKT AS skal bidra til å forenkle pasientbehandlninga.

Forretningsidé

Helse Vest IKT har følgjande forretningsidé:

- **Helse Vest IKT AS skal vere ein leverandør av IKT-produkt og IKT-tenester til spesialisthelsetenesta i Helse Vest, med særleg fokus på føretaksgruppa Helse Vest RHF.**
- **Helse Vest IKT AS skal vere den føretrekte IKT-leverandør basert på kosteffektivitet, kvalitet, nærhet, bransjekunnskap og brei erfaring.**
- **Helse Vest IKT AS skal bidra til å forbetre helsetenesta ved innovativ bruk av IKT-løysingar innført og forvalta i nær dialog med kundane.**
- **Helse Vest IKT AS skal levere IKT-tenester som alltid er tilgjengelig for kundane ved behov.**

Styringsbodskap og mål

Styringsbodskap


Helse Vest IKT AS er eit heileigd dotterselskap av Helse Vest RHF, og skal levere produkt og tenester til helseføretaka på IKT-området. Styringsdokumentet til Helse Vest IKT AS søkjer å balansere det forhold at Helse Vest IKT AS har eit særskilt og avgrensa ansvar, samtidig som selskapet er ein del av føretaksgruppa i Helse Vest.


Overordna mål

Helse Vest IKT skal ha som overordna mål å:

- **Bidra til forenkla pasientbehandling gjennom ei samordning og integrasjon av system og løysningar slik at nødvendig informasjon om pasienten følgjer pasienten gjennom pasientforløp lokalt, regionalt, nasjonalt og internasjonalt.**
- **Sørgje for einskapleg og effektiv brukarstøtte, service og leveranse til kundane. Kundeoppfølginga skal baserast på internasjonalt aksepterte rutinar og prosessar (ITIL) for IKT tenester.**
- **Sørgje for stabil drift, forvalte og vidareutvikle IKT-systema og -tenestene til kunden effektivt, slik at kunden vil bruke desse til å forbetre og effektivisere sine tenester til pasienten.**
- **Sørgje for å redusere ressursbruken ved å standardisere og forbetre desktop (utstyr og tenester) og infrastruktur, ved å samordne og forenkla systemarkitektur og systemportefølje og ved å utveksle og gjenbruke erfaringar og innføringskompetanse.**
- **Utvikle, marknadsføre og presentere nye løysningar som kan effektivisere prosessar i helseføretaka. Helse Vest IKT skal være proaktive med tanke på å bruke nye teknologiar og løysningar.**
- **Sørgje for å utnytte summen av tilsette i regionen til å auke breidda i kompetansen, auke individuell spisskompetanse og redusere sårbarheita gjennom overlappende kompetanse.**

Organisasjonskart





Årsberetning

Helse Vest IKT AS vart etablert som eige aksjeselskap 01.11.2004. Helse Vest IKT AS er eit resultat av samanslåing av IKT-avdelingane ved helseføretaka i Helse Vest. Helse Vest IKT AS er eit heileigd dotterselskap av Helse Vest RHF.

Selskapet er etablert med hovudkontor i Bergen kommune, og avdelingskontor i Stavanger, Haugesund, Førde, Stord, Odda og Voss. Dei tilsette i Helse Vest IKT AS per 31.12.2006 representerte 152,6 årsverk.

Fylgjande mål var lagt til grunn for etablering av Helse Vest IKT AS;

Samordning og integrasjon av system slik at informasjon om pasienten følgjer pasienten gjennom pasienthandsaminga lokalt, regionalt og nasjonalt.

Understøtte felles administrative løysningar for føretaksgruppa.

Redusere kostnader til parallelt arbeid og auke servicenivå ved å samordne IKT-funksjonane.

Sentraliseringa av Kundesenteret til Bergen var den klart største ufordringa gjennom 2006. Særleg etter innfasing av Helse Stavanger frå juni 2006 vart det lange responstider ved kontakt med Kundesenteret. I løpet av 2. halvår 2006 er det gjennomført ei rekkje tiltak for å redusere responstidene. Helse Vest IKT beklagar at brukarane gjennom delar av 2006 måtte vente lenge før dei fekk kontakt med Kundesenteret. Innan service har det vore ein til dels kraftig auke i talet serviceoppdrag gjennom året, medan sal av IKT-utstyr hadde ein tydeleg nedgang frå 2005 til 2006. Det er sannsynleg at auken i serviceoppdrag i noko grad heng saman med meir gamalt utstyr i bruk i helseføretaka.

Infrastrukturprogrammet er det største teknologiske omstillingsarbeidet for Helse Vest IKT AS. Gjennom dette programmet er det etablert felles løysingar for epost, antivirus, PC-oppsett, nytt redundant nettverk, serverkonsolidering, oppgradering av lagringsløysingar, ny løysing for tryggleikskopiering, nytt datarom i Stavanger, etc. Resultat av

Infrastrukturprogrammet viser seg ved auka kvalitet i tenestene, betra tryggleik og raskare feilretting. Helse Vest IKT AS har gjennom 2006 arbeid med forvaltning av den omfattande systemporteføljen som helseføretaka nyttar. Fleire verksemdskritiske system som elektronisk journal og røntgensystem er oppgradert. Nytt regionalt fødesystem og nytt sak/arkivsystem er sett i produksjon. Det er etablert nye rutinar for endringshandtering. Det er utvikla ein felles mal for systemdokumentasjon.

Helse Vest IKT AS har delteke i ei rekkje program og prosjekt saman med helseføretaka. Gjennom desse prosjekta er nye system innført, andre system er oppgradert. Det har gjennom 2006 vore aukande etterspurnad etter systemutvikling og systemintegrasjon. Det er utvikla nokre spesialiserte system for særskilte funksjonar i helseføretaka.


I 2005 vart det inngått kontrakt med TietoEnator om innføring av eit Felles EPJ for helseføretaka i Helse Vest. Leveranse av systemet har vore sterkt forseinka. I løpet av 2006 konstaterte Helse Vest at produktet ikkje helt mål i høve det som er avtalt.

Helse Vest IKT AS har gjennom 2006 lagt stor vekt på dialog og kommunikasjon med helseføretaka. Helse Vest IKT AS etablerte våren 2006 ein kundekontaktfunksjon i den hensikt å betra kommunikasjonen med helseføretaka. Erfaringa er at Helse Vest IKT AS har fått betre og raskare informasjon til å kunna gjera tiltak og forbetringar i den daglige oppgåveløysinga og samhandlinga med helseføretaka.

Medio 2006 vart det gjennomført ei omorganisering av seksjonane. Talet seksjonar vart redusert frå 5 til 4, i tillegg vart det gjort interne omorganiseringar i nokre av seksjonane. Dette resulterte i ein meir balansert og tilpassa organisasjon.

Rekneskapsresultat

Dei totale inntektene i 2006 var 328,4 mill. kr. Av desse var 259,9 mill. kr. for sal av tenester til helseføretaka, 33,5 mill. kr. sal av IKT-utstyr, 17,7 mill. kr. sal av tenester til eksterne kundar og 17,2 mill. kr. anna inntekt (i hovudsak knytt til Nasjonal IKT).



Årsberetning

Totale driftskostnader i 2006 var 326 mill. kr. med hovudgruppene varekostnad 36,3 mill. kr., personalkostnad 65,2 mill. kr., avskrivningar 63,2 mill. kr. og andre driftskostnader 161,3 mill. kr. (her inngår kostnader i samband med Nasjonal IKT med same beløp som på inntektssida). Selskapet sitt driftsresultat var 2,3 mill. kr.

Resultat før skatt var og 2,3 mill. kr. etter at det er teke omsyn til netto finansposter på -0,04 mill. kr. I rekneskapan for 2005 vart det avsett skattekostnad på 1,5 mill. kr. Bergen likningskontor har i 2006 handsama skattesaka på nytt og gjeve selskapet skattefritak. Selskapet sitt årsresultat etter skatt var 3,8 mill. kr. etter reversering av skatteavsetnaden på 1,5 mill. kr.

Venta samordningsvinstar tok utgangspunkt i rekneskap for 2003 der kostnadane for IKT-området i helseføretaka var på 279 mill. kr. I forarbeidet til etablering av Helse Vest IKT AS er det estimert samordningsvinstar på 15,9 mill. kr. i 2005, aukande til 48,5 mill. kr. frå 2009. Kostnadsreduksjonen er basert på tilsvarande tenesteomfang og tenestekvalitet som for 2004. For 2006 var den estimerte auken i samordningsvinstar 6,6 mill. kr. Denne summen vart trekt ut av budsjettet for Helse Vest IKT AS for 2006. Dermed ville selskapet nå målet om auke i samordningsvinst ved å gå i balanse.

Helse Vest IKT AS hadde eit negativt resultat i 2005. Av det negative resultatet vart 3,2 mill. kr. rekna som manglande uthenting av samordningsvinstar. Styret i Helse Vest RHF vedtok at etterslepet kunne hentast inn i perioden fram til 2009. Korrigert for reversering av skatt på 1,5 mill. kr. leverte Helse Vest IKT AS eit positivt resultat på 2,3 mill. kr. Dermed er etterslepet redusert til 0,9 mill. kr. Etableringa av Helse Vest IKT gav ein samordningsvinst for 2005 på 12,7 mill. kr. For 2006 vart samordningsvinsten frå 2005 vidareført, i tillegg vart det teke ut ny vinst på 6,6 mill. kr. og eit positivt resultat på 2,3 mill. kr., samla samordningsvinstar på 21,6 mill. kr. Dette gir ein akkumulert samordningsvinst for 2005 og 2006 på 34,3 mill. kr.

Balanse

Likviditetsbeholdninga per 31.12.2006 var 68,5 mill. kr., av dette utgjorde bundne skattetreksmidlar 3,6 mill. kr. Totalkapitalen utgjorde 272,7 mill. kr. Anleggsmidlar utgjorde 58% av selskapet sine bokførte eigendelar. Postane kortsiktige fordringar og kortsiktig gjeld er høgare enn kva selskapet sin aktivitet tilseier fordi desse inneheld etteroppgjjer med helseføretaka innan Helse Vest RHF. Balanseført eigenkapital var 147,9 mill. kr. og utgjorde dermed 54,2 % av totalkapitalen.

Det er avsett for tap på 4,6 mill. kr for misleghalden kontrakt med TietoEnator. Det er teke inn ein fordring på tilsvarande beløp overfor Helse Vest RHF. Det vert framsett krav om erstatning overfor TietoEnator.

Finansiell stilling

Med ein likviditetsbeholdning på 68,5 mill. kr., ein eigenkapitalprosent på 54,2% og samla langsiktig gjeld til morselskapet per 31.12.2006 på 43,9 mill. kr. er selskapets finansielle stilling god. Føresetnaden om vidare drift er lagt til grunn for selskapet sitt årsrekneskap for 2006.

Miljø

Legemeldt sjukefråvær for tilsette i Helse Vest IKT AS var i 2006 på 3,5 %. I tillegg kjem eigenmeldt sjukefråvær på 1 %. Dette er noko under snittet for føretaka vi er utskild frå, og noko over IKT-bransjen sine tal. Helse Vest IKT AS er ein ny organisasjon samansett av ulike IT-avdelingar med ulik bakgrunn, kultur og identitet. Organisasjonsutvikling mot felles verdiar, god lagånd og omstilling frå forvaltningskultur til ein kundeorientert kultur er viktige utfordringar for selskapet.

Ytre miljø

Helse Vest IKT AS si verksemd ureinar ikkje det ytre miljø. Selskapet samarbeider med helseføretaka om miljømessig gjenvinning av avfall.

Eigartilhøve

Helse Vest IKT AS er eigd 100% av Helse Vest RHF. Per 31.12.2006 hadde selskapet ein aksjekapital på NOK 1.000.000 fordelt på 2.000 aksjar, kvar pålydande NOK 500.



Årsberetning

Likestilling

40% av dei eigarvalde styreprerentantane er kvinner. 14% av leiinga (inkl. stabsleiarar) var i 2006 kvinner, 25% av seksjonsleiarane var i 2006 kvinner. Helse Vest IKT AS tilset den best kvalifiserte søkjaren til stillingar uavhengig av kjønn. Selskapet vurderer det som viktig å ha breidde i arbeidsstyrken og vil føretrekke kvinner i stillingar innanfor mannsdominerte seksjonar og menn innanfor kvinne-dominerte seksjonar, når andre kvalifikasjonar elles er like.

Utsikter framover

Helse Vest IKT AS har som mål å være den føretrekte strategisk partner for heile helseføretaksgruppa Helse Vest. Gjennom å nå visjonen om å bidra til forenkling av pasienthandsaminga, vil selskapet gje bidrag til at helseføretaka realiserer sine strategiar.

Disponering av årsresultatet


Årsresultatet for 2006 var eit overskot på kr 3.783.840. Styret foreslår for selskapet si generalforsamling at overskotet vert ført mot annan eigenkapital.

2006 var eit godt, men krevjande år for Helse Vest IKT AS. Selskapet hadde mange utfordringar gjennom året, mange av desse vart løyste på ein god måte. Det var viktig for selskapet at det økonomiske resultatet er positivt. Dermed viser selskapet at ein av føresetnadane for etableringa av Helse Vest IKT AS vert nådd.


Gjennom 2006 er det utført mykje arbeid for å sikre at Helse Vest IKT AS leverer tenester i tråd med det som er avtalt gjennom Tenesteavtalene med helseføretaka. Styret takkar dei tilsette for godt arbeid gjennom eit krevjande år.

Bergen, 18. april 2007



Herlof Nilssen
Styreleiar


Gunnar Hall Skavoll


Eivind Gjemdøl


Marit Myrland


Hilde Christiansen


Ole Morten Holmøy


Dag Morten Håugum


Erik M. Hansen
Adm. direktør

Resultatrekneskap 2006

Alle tal i 1000 NOK

	Note	2006	2005
Driftsinntekt	2, 16	328 371,1	309 140,0
Sum driftsinntekter		328 371,1	309 140,0
Varekostnad		36 286,2	44 375,2
Lønn og andre personalkostn.	3, 13	65 218,6	62 727,7
Ordinære avskrivningar	7	63 200,2	63 838,6
Andre driftskostnader	3, 4	161 325,8	144 495,1
Sum driftskostnader		326 030,9	315 436,5
Resultat frå drifta		2 340,3	-6 296,5
Finansinntekter	5	1 844,9	964,0
Finanskostnader	5	1 882,0	348,2
Netto finansposter		-37,1	615,8
Resultat før skattekostnad		2 303,2	-5 680,7
Skattekostnad	6	-1 480,7	1 480,7
Resultat for året		3 783,8	-7 161,4
Overført til/frå annan eigenkapital	12	3 783,8	-7 161,4
Sum overføringer		3 783,8	-7 161,4

Balanserekneskap 2006

Alle tal i 1000 NOK

EIGENDELAR	Note	2006	2005
Anleggsmidler			
Immaterielle eigendelar			
Programvarelisensar	7	83 998,2	96 835,8
Prosjekt under utvikling	7	12 805,0	0,0
Sum immaterielle eigendelar		96 803,2	96 835,8
Varige driftsmidler			
IKT-utstyr, inv., transportmid. og likn.	7	58 402,0	55 348,4
Anlegg under utføring	7	2 157,0	4 460,1
Sum varige driftsmidler		60 559,0	59 808,5
Finansielle anleggsmidler			
Finansielle anleggsmidler	10	121,2	0,0
Sum finansielle anleggsmidler		121,2	0,0
Sum anleggsmidler		157 483,3	156 644,3
Omløpsmidlar			
Varer	8	2 793,1	3 494,5
Krav	9, 17	43 957,2	71 059,7
Bankinnskott, kontantar og liknande	11	68 460,3	51 285,7
Sum omløpsmidlar		115 210,6	125 839,9
SUM EIGENDELAR		272 693,9	282 484,2

Balanserekneskap 2006


Alle tal i 1000 NOK

EIGENKAPITAL OG GJELD	Note	2006	2005
Eigenkapital			
Innskoten eigenkapital			
Føretakskapital	12	1 000,0	1 000,0
Annen innskoten eigenkapital	12	150 318,8	150 318,8
Sum innskutt egenkapital		151 318,8	151 318,8
Opptent eigenkapital			
Annan eigenkapital	12	-3 376,4	-7 160,3
Sum opptent eigenkapital		-3 376,4	-7 160,3
Sum eigenkapital		147 942,4	144 158,5
Gjeld			
Avsetjinger for forpliktingar			
Pensjonsforplikting	13	14 372,3	12 436,5
Sum avsetjinger for forpliktingar		14 372,3	12 436,5
Annan langsiktig gjeld			
Langs. gjeld til føretak i samme konsern	14, 17	43 873,5	46 182,7
Sum langsiktig gjeld		43 873,5	46 182,7
Betaleleg skatt	6	0,0	1 480,7
Skuldige offentlege avgiftar		4 891,4	4 296,8
Anna kortsiktig gjeld	15	61 614,3	73 929,1
Sum kortsiktig gjeld		66 505,8	79 706,5
Sum gjeld		124 751,6	138 325,7
SUM EIGENKAPITAL OG GJELD		272 693,9	282 484,2

Bergen, 18. april 2007




Herlof Nilssen
Styreleiar



Gunnar Hall Skavoll



Eivind Gjemdal



Marit Myrland



Hilde Christiansen



Ole Morten Holmøy



Dag Morten Haugum



Erik M. Hansen
Adm. direktør

Kontantstrømoppstilling 2006

Alle tal i 1000 NOK

	2006	2005
Kontantstrømmer frå operasjonelle aktiviteter		
Årsresultat etter skatt	3 783,8	(7 161,4)
Ordinære avskrivningar	63 200,2	63 838,6
Endring i pensjonsskyldnad	1 935,8	1 351,3
Endring i omløpsmidlar og kortsiktig gjeld	14 603,1	5 151,9
Netto kontantstrøm frå operasjonelle aktiviteter	83 522,9	63 180,5
Kontantstrømmer frå investeringsaktivitetar		
Innbetaling ved sal av varige driftsmiddel	4 700,5	-
Utbetaling ved kjøp av varige driftsmiddel	(68 618,5)	(58 578,9)
Egenkapitalinnskudd KLP	(121,2)	-
Netto kontantstrøm frå investeringsaktivitetar	-64 039,3	-58 578,9
Kontantstrømmer frå finansieringsaktiviteter		
Opptak av ny langsiktig gjeld	-	46 182,7
Nedbetaling av gammel gjeld	(2 309,1)	-
Netto kontantstrøm frå finansieringsaktiviteter	-2 309,1	46 182,7
Netto endring betalingsmidlar	17 174,6	50 784,2
Likvide midlar 01.01	51 285,7	501,5
Netto endring i likviditet	17 174,6	50 784,2
Likvide midlar 31.12	68 460,3	51 285,7

Notar

Note 1 Rekneskapsprinsipp

Etablering av føretaket

Helse Vest IKT AS vart stifta som eige aksjeselskap 01.11.2004 etter aksjelova. På same tid vart anleggsmiddel og forpliktingar overført til selskapet som tingsinnskot.

Verdsetjing

Som følge av at selskapet er non-profit-verksemd der eigar har stilt krav om resultatmessig balanse i drifta, men ikkje krav til avkastning på innskoten kapital, representerer bruksverdi verkelig verdi for anleggsmidla.

I opningsbalansen vart anlegga verdsett til bokført restverdi etter frådrag for avskrivningar.

Generelt om rekneskapen

Rekneskapen for 2006 er sett opp i samsvar med Rekneskapslova av 1998 og god rekneskapskikk. Rekneskapen for året består av resultatrekneskap, balanse, kontantstraumoppstilling og noteopplysingar. Rekneskapen er bygd på grunnleggjande prinsipp for rekneskap i samsvar med god norsk rekneskapskikk; transaksjonsprinsippet, oppteningsprinsippet, samanstillingsprinsippet, varsemdprinsippet, kongruensprinsippet, sikring, beste estimat, konsistent bruk av prinsipp og føresetnad om fortsett drift. Ved utarbeidinga av rekneskapen må leiinga bygge på føresetnader og estimat som vil påverke rekneskapsført verdi av eigedelar, gjeld, inntekter og kostnader, samt noteopplysingar vedrørende forpliktingar med vilkår. Faktiske tal kan avvike frå dei opphavlege estimat.

Konsolidering

Helse Vest IKT går inn i konsernrekneskapen til Helse Vest RHF og eig ikkje eigne aksjar.

Klassifisering og vurdering av balansepostar

Omløpsmiddel og kortsiktig gjeld omfattar postar som forfell til betaling innan eit år etter kjøpstidspunktet, samt postar som knyter seg til varekrinløpet. Andre postar er klassifisert som anleggsmiddel/langsiktig gjeld. Omløpsmiddel blir vurdert til lågaste av kostnad ved kjøp og verkeleg verdi. Kortsiktig gjeld er balanseført til nominelt beløp på opptakstidspunktet. Anleggsmiddel blir vurdert til kostnad ved kjøp, men blir nedskrive til verkeleg bruksverdi ved verdifall som ikkje må ventast å vere forbigåande. Langsiktig gjeld er balanseført til nominelt beløp på etableringstidspunktet.

Pengeposter i utanlandsk valuta er rekna om til norske kroner pr 31.12 i rekneskapsåret.

Prinsipp for inntektsføring

Sal av tenester til helseføretaka og til eksterne kundar, sal av IKT-utstyr

Sal av varer vert inntektsført ved levering. Tenester vert inntektsført når dei er utførte.

Ekstraordinære poster

Inntekter og kostnader er klassifisert som ekstraordinære om dei er uvanlige, uregelbunde og vesentlege, vurdert i forhold til føretakets verksemd.

Immaterielle eigedelar

Immaterielle eigedelar som ein ventar vil gje framtidige inntekter/bruksverdi for føretaket er aktivert.

Kjøpte immaterielle eigedelar, som til dømes lisensar for programvare er aktivert og avskrive over økonomisk levetid.

Varige driftsmiddel

Varige driftsmiddel er oppført i balansen til historisk anskaffingskost fråtrekt akkumulerte lineære avskrivningar. Eit driftsmiddel blir sett som varig dersom det har ein økonomisk levetid på over tre år, samt ein kostpris på over kr 15.000.

Påkostingar eller forbetringar er lagt til driftsmidlet sin kostpris og avskrive i takt med driftsmidlet, medan utgifter til vedlikehald og reparasjonar er kostnadsført etter kvart som dei kjem på. Renter som knyt seg til anlegg under oppføring er aktivert som ein del av kostprisen.

Ved sal av anleggsmidlar er vinning ført under andre driftsinntekter og tap under andre driftskostnader

Avskrivningar

Ordinære avskrivningar er berekna lineært over den økonomiske levetida til driftsmidlet med utgangspunkt i historisk kostpris. Tilsvarende prinsipp er lagt til grunn for immaterielle eigedelar. Avskrivningane er klassifisert som driftskostnader.

Notar

Note 1 Rekneskapsprinsipp

Nedskriving

Nedskrivingar av varige driftsmidlar og immaterielle eigedelar blir vurdert når det ligg føre indikasjonar på verdifall for eigedelane. Dersom verdien er lågare enn balanseført verdi, vert balanseført verdi skriven ned til verdien. Verdien er det høgaste av netto salsverdi og bruksverdi (kostnad til tilsvarande nykjøp etter slit, elde og faktisk bruk). Nedskrivinga er reversert i den grad grunnlaget for nedskrivinga ikkje lenger er til stades.

Eigenkapitalinnskott i KLP

For eigenkapitalinnskottet i KLP er kostprinsippet nytta. Det vil seie at det normalt berre er inn- og utbetalingar som påverkar størrelsen på innskottet.

Varelager og varekostnad

Lager av innkjøpte varer er verdsett til lågaste av anskaffingskost og verkeleg verdi. Det er føreteke nedskriving for påreknaleg ukurans i samsvar med god rekneskapskikk.

Pensjoner

Pensjonskostnader og pensjonsforpliktingar er berekna etter lineær opptening basert på føresetnadar om diskonteringsrente, framtidig regulering av løn, pensjoner og ytingar frå folketrygda, framtidig avkastning på pensjonsmiddel samt aktuarmessige føresetnader om dødelegheit, frivillig avgang, osv. Pensjonsmiddel er vurdert til verkeleg verdi og trekt frå i netto pensjonsforpliktingar i balansen. Endringar i forpliktinga som har skuld i endringar i pensjonsplanar blir resultatført på endringstidspunktet. Endringar i pensjonsforpliktingar og pensjonsmidlar som har skuld i endringar i og avvik frå føresetnadene for berekningane (estimatendringar) er delt over antatt gjennomsnittleg attverande oppteningstid om avvika ved årets byrjing overstig 10 % av det største av brutto pensjonsforpliktingar og pensjonsmidlar.

Netto pensjonskostnad (brutto pensjonskostnad fråtrekt estimert avkastning på pensjonsmidlar) er klassifisert som ordinær driftskostnad, og er presentert saman med lønn og andre ytingar.

Pensjonsberekningane er inkludert arbeidsgjevaravgift.

Arbeidstakarane sin del av pensjonspremien er fråtrekt i lønnskostnadene.

Pensjonskostnadene for 2006 er bygd på føresetnadene som blei lagt til grunn for netto midlar/forpliktingar

2005 og som er vurdert å vere rimelege føresetnader pr 01.01.06. På slutten av 2006 har Norsk Regnskapsstiftelse publisert eit høyringsutkast til ny rettleiing vedkommande pensjon som har vore mykje diskutert i ulike fagmiljø. På grunn av ulissa som råder rundt høyringsutkastet har helseregionane valt å ikkje leggje denne til grunn i rekneskapsen for 2006, men har i staden føreteke ei vurdering av dei føresetnadene som blei lagt til grunn i rekneskapsen for 2005 og selskapet meiner at føresetnadene frå 2005 framleis er realistiske og samanhangen er konsistent. Pensjonsordninga tilfredsstiller krava i Lov om offentleg tenestepensjon.

Fordringar

Kundefordringar og andre fordringar er oppført i balansen til pålydande etter frådrag for avsetjing til påreknale tap. Avsetjing til tap framkjem etter ein konkret vurdering av enkeltfordringar og av fordringsmassen som heile.

Uvisse forpliktingar

Om det er meir sannsynleg enn ikkje at ei forplikting vil kome til oppgjer og verdien kan estimerast påliteleg, blir det avsett for den uvisse forpliktinga etter beste estimat.

Kontantstraumoppstilling

Kontantstraumoppstillinga er utarbeidd etter den indirekte metoden. Dette inneber at ein i analysen tar utgangspunkt i selskapet sitt årsresultat for å kunne presentera kontantstraumar tilført frå høvesvis ordinær drift, investeringsverksemd og finansieringsverksemd.

Endringar i rekneskapsprinsipp og feil

Verknad av endringar i rekneskapsprinsipp og korrigerings av feil i tidligare årsrekneskap er ført direkte mot eigenkapitalen og samanlikningstal er endra.

Notar

Note 2 Salgsinntekter

	Salsinntekter 2006	Salsinntekter 2005
Tenestosal helseføretaka	259 889,9	0,0
IKT-utstyr	33 576,7	44 770,2
Tenestosal eksterne	17 732,5	24 515,8
Anna *)	17 172,0	0,0
Rammefinansiering	0,0	239 854,1
Sum	328 371,1	309 140,0

*) I posten Anna inngår hovudsakleg inntekter frå Nasjonal IKT. Tilsvarende kostnader til Nasjonal IKT er teke med under Andre driftskostnader i Note 4.

Note 3 Lønn, personalkostnader, godtgjersle og honorar

	2006	2005
Lønnskostnader Helse Vest IKT AS		
Lønnskostnader	55 681,3	48 737,6
Arbeidsgjevaravgift	7 442,5	6 758,5
Pensjonskostnader	7 391,2	6 663,1
Andre ytingar (herunder aktiverte eigne timar)	-5 296,3	568,6
Sum lønn og personalkostnader	65 218,6	62 727,7

Lønn dagleg leiar, godtgjersle og honorar

Lønn dagleg leiar	740,1	669,4
Pensjonskostnader dagleg leiar	122,5	92,7
Anna godtgjersle daglig leiar	5,0	0,6
Sum lønn dagleg leiar	867,6	762,8

Styregodtgjersle og honorar styreleiar

Styregodtgjersle	55,0	55,0
Herav honorar til styreleiar	0,0	0,0

Revisjonshonorar (inkl. mva)

Revisjon etter lova	383,3	82,5
Utvida revisjon	96,3	0,0
Andre oppgåver vedkommande attestasjonar	5,6	32,5
Rådgjeving vedkommande skattar og avg.	6,3	0,0
Andre tenester utanfor revisjon	37,5	44,6

Sum honorarer til revisor	529,0	159,6
----------------------------------	--------------	--------------

Antall tilsette og årsverk

Gjennomsnittleg antall tilsette i rekneskapsåret	151	138
Tal på årsverk pr 31.12	153	144

Dagleg leiar har 6 månaders oppseiingstid. Det er ikkje gitt lån eller stilt tryggleik til dagleg leiar, styremedlem eller andre leiande tilsette. Dagleg leiar har ikkje avtale om bonus eller etterlønn.

Notar

Note 4 Andre driftskostnader

	2006	2005
Transportkostnader	118,0	192,1
Kostnader lokaler inkl. energi og brensel	6 952,0	5 506,6
Leige MTU, maskiner, inventar og liknande	223,4	559,1
Reparasjon, vedlikehold og service	99 290,3	67 606,5
Ekstern teneste	28 687,0	33 561,0
Reisekostnader	2 732,0	2 966,7
Andre driftskostnader	23 323,0	34 103,0
Sum andre driftskostnader	161 325,8	144 495,1

Note 5 Finansposter

	2006	2005
Andre renteinntekter	1 844,5	963,5
Andre finansinntekter	0,4	0,5
Sum finansinntekter	1 844,9	964,0
Interne rentekostnader i føretaksgruppa	1 773,9	194,7
Andre rentekostnader	85,3	142,4
Andre finanskostnader	22,8	11,1
Sum finanskostnader	1 882,0	348,2

Note 6 Skatt

Verksemda til føretaket er ikkje skattepliktig. Skattefritak vart innvilga i 2006 med tilbakeverkande kraft. Skattekostnaden i 2005 vart dermed reversert i 2006.

Oversikt over mellombelse forskjeller:

	31.12.2006	31.12.2005
Varer	0,0	-12,7
Anleggsmiddel	0,0	-9 603,5
Pensjoner	0,0	-1 351,3
Sum mellombelse forskjeller	0,0	-10 967,6
28 % utsatt skattefordel, (ikkje balanseført)	0,0	-3 070,9
Utsett skatt/ utsett skattefordel *)	0,0	0,0

Årets skattekostnad på ordinært resultat kjem fram slik:

	2006	2005
Grunnlag for betaleleg skatt		
Resultat før skattekostnad	0,0	-5 680,7
Permanente forskjellar	0,0	1,2
Grunnlag for årets skattekostnad	0,0	-5 679,5
Endring i mellombelse forskjeller	0,0	10 967,6
Skattepliktig inntekt	0,0	5 288,1
Bruk av underskot til fremføring	0,0	0,0
Grunnlag for betaleleg skatt (i skattekostnaden)	0,0	5 288,1
28 % av grunnlag for betaleleg skatt (i skattekostnaden)	0,0	1 480,7
Endring i utsatt skatt	0,0	0,0
For lite/for mykje avsett i fjor	0,0	0,0
Sum skattekostnad på ordinært resultat	0,0	1 480,7

Forklaring til skattekostnad i året:

	2006	2005
28 % skatt av resultatet før skatt	0,0	-1 590,6
Permanente forskjellar (28%)	0,0	0,3
Ikkje resultatført/balanseført utsatt skattefordel	0,0	3 070,9
For lite/ for mykje avsett i fjor	-1 480,7	0,0
Beregnet skattekostnad	-1 480,7	1 480,7

Effektiv skattesats **)

-26,10 %

*) Ved etableringa av Helse Vest IKT AS vart det lagt til grunn at selskapet ikkje ville bli skattepliktig fordi selskapet ikkje har erverv som formål. På grunn av dette vart det ikkje ført opp utsett skattefordel i balansen 31.12.2005.

***) Skattekostnad i forhold til resultat før skatt

Note 7 Immaterielle egedelar og varige driftsmidler

	Anlegg under utføring	Programvare	Prosjekt under utvikling	IKT - utstyr	Sum
Anskaffingskost 01.01.2006	4 460,1	199 623,0	0,0	126 029,6	330 112,7
Tilgang 2006	1 536,4	25 234,8	12 805,0	28 954,0	68 530,2
Avgang 2006	-3 839,5	-861,0	0,0	0,0	-4 700,5
Anskaffingskost 31.12.2006	2 157,0	223 996,8	12 805,0	154 983,7	393 942,5
Årets avskrivningar	0,0	37 299,8	0,0	25 900,5	63 200,2
Akkum. avskrivningar 31.12.2006	0,0	139 998,6	0,0	96 581,7	236 580,3
Balanseført verdi 01.01.2006	4 460,1	96 835,8	0,0	55 348,4	156 644,3
Balanseført verdi 31.12.2006	2 157,0	83 998,2	12 805,0	58 402,0	157 362,1
Avskrivningsplan Økonomisk levetid		Lineær 3-5 år		Lineær 5 år	

Note 8 Varelager

	2006	2005
Varer for videresalg		
Ferdigvarer	2 793,1	3 494,5
Sum varelager	2 793,1	3 494,5

Note 9 Kortsiktige krav

	2006	2005
Krav til selskap i samme føretaksgruppe	25 757,5	51 967,8
Krav til andre kunder	1 429,4	9 349,7
Sum kundekrav	27 186,9	61 317,5
Forskottsbetaling til leverandører	16 744,4	7 881,5
Andre kortsiktige krav	25,9	1 860,6
Sum andre kortsiktige krav	16 770,3	9 742,1
Sum kortsiktige krav	43 957,2	71 059,7

Notar

Alle tal i 1000 NOK

Note 10 Andre finansielle egedelar

	2006	2005
Eigenkapitalinnskott i KLP	121,2	0,0
Sum andre finansielle egedelar	121,2	0,0

Note 11 Kontantar og bankinnskott

	2006	2005
Skattetrekksmidler	3 618,4	3 018,0
Sum bundne bankinnskott	3 618,4	3 018,0

Note 12 Eigenkapital

	Føretakskapital	Annan innskoten eigenkapital	Annan eigenkapital	Sum eigenkapital
Eigenkapital 01.01.06	1 000,0	150 318,8	-7 160,3	144 158,5
Resultat dette året			3 783,8	3 783,8
Eigenkapital 31.12.06	1 000,0	150 318,8	-3 376,4	147 942,4

Føretakskapitalen på kr. 1 000 000 er fordelt på 2000 aksjar, kvar lydande på kr 500,00.
Helse Vest IKT AS er 100% eigd av Helse Vest RHF.

Notar

Note 13 Pensjonsforplikting

Pensjonskostnaden for 2006 er bygd på føresetnadene som vart lagd til grunn for netto midlar/-forplikting 2005 og som er vurdert å vere ein rimeleg føresetnad pr. 1.1.2006. På slutten av 2006 har Norsk Regnskapsstiftelse publisert eit høyringsutkast til ny rettleiing vedkommande pensjon som har vore mykje diskutert i ulike fagmiljøet. På grunn av uvissa som råder rundt høyringsutkastet, har helseregionane valt å ikkje leggje denne til grunn i rekneskapen for 2006, men har i staden føreteke ei vurdering av dei føresetnadene som vart lagt til grunn i rekneskapen for 2005 og selskapet meiner at føresetnadene frå 2005 framleis er realistiske og samanhengen er konsistent. Pensjonsordninga tilfredsstillar krava i Lov om offentleg tenestepensjon.

	2006	2005
Oppsamla pensjonsforplikting	44 169,6	34 255,9
Pensjonsmidlar	33 705,1	26 018,6
Netto pensjonsforplikting	10 464,5	8 237,3
Arbeidsgiveravgift på netto pensjonsforpliktelsar	1 475,5	1 161,5
Ikkje resultatført virkning av estimatavvik	2 432,2	3 037,7
Netto bokførte pensjonsforpliktingar inkl. arbeidsgiveravgift	14 372,3	12 436,5

Spesifikasjon av pensjonskostnaden	2006	2005
Noverdi av opptente pensjonsrettar i året	5 931,0	5 099,3
Rentekostnad på pensjonsforpliktinga	2 113,0	2 144,9
Brutto pensjonskostnad	8 044,0	7 244,2
Venta fortjeneste på pensjonsmidlar	1 790,4	1 504,6
Administrasjonskostnader	223,6	100,0
Arbeidsgjevaravgift	913,3	823,4
Netto pensjonskostnad inkl. arbeidsgiveravgift	7 390,4	6 663,1

Økonomiske føresetnader:	2006	2005
Årleg fortjeneste	6,0 %	6,0 %
Diskonteringsrente	5,0 %	5,0 %
Uttak AFP etter erfaring	20-60 %	20-60 %
Årleg vekst i lønn	3,0 %	3,0 %
Årleg vekst i grunnbeløp til folketrygda	3,0 %	3,0 %
Talet på personar med i ordninga	155	130

Note 14 Anna langsiktig gjeld

	2006	2005
Gjeld til selskap i samme føretaksgruppe	43 873,5	46 182,7
Sum anna langsiktig gjeld	43 873,5	46 182,7

Helse Vest IKT AS har ikkje konsernintern gjeld som forfell seinare enn 5 år.

Notar

Alle tal i 1000 NOK

Note 15 Anna kortsiktig gjeld

	2006	2005
Leverandørgjeld	13 862,1	20 179,0
Kortsiktig gjeld til føretak i same konsern	22 138,3	34 657,3
Lønn	-72,3	0,0
Feriepengar	5 629,0	4 938,9
Oppsamla kostnad og inntekt betalt på førehand	8 864,9	5 522,4
Ikkje opptent inntekt	0,0	523,4
Avsetjing for forpliktingar	11 192,3	8 108,0
Sum kortsiktig gjeld	61 614,3	73 929,1

Note 16 Nærstående parter

Sal skjer i hovudsak til føretak i same konsern.

Note 17 Mellomvære med føretak i same konsern

Føretak	Netto kortsiktige fordringar	Langsiktig gjeld
Helse Vest RHF	-666,3	43 873,5
Apotekene Vest HF	512,3	0,0
Helse Bergen HF	3 125,4	0,0
Helse Stavanger HF	594,6	0,0
Helse Fonna HF	-1 798,5	0,0
Helse Førde HF	843,3	0,0
Sum	2 610,8	43 873,5